







LOKALITETSDATA

LOKALITETS ID: 87209

Bygningslokalitet

HÅBREKKE (HAABRÆKKE)

FYLKE: Hordaland

KOMMUNE: Kvam

GNR/BNR: 116/1

UTSKRIFTSDATO: 25.11.2013



Håvard Parr © Riksantikvaren

ENKELTMINNER PÅ LOKALITETEN

87209 Byggnavn

1 Bolig

BESKRIVELSE


Garden Håbrekke ligg sentralt i Strandebarm, på sletta i botnen av eit lite dalføre, med bratte fjellside tett innpå. Det freda hovudhuset er ein einetasjars bygning med lågare sidefløy vinkelrett mot vest. Huset er i engelsk raudt med saltak både på hovudbygning og sidefløy. I nord eit nyare tilbygg med pulttak. Fasaden til sidefløya går i sør i eitt med bygningens sørgavl. Nesten heilt inntil er eit eldhus av panela grindverk, og husa ligg som del av eit lite gardstun med bygningar av ulik alder. Tunet er omgjeve av grønne marker, og det gamle kulturlandskapet er ganske intakt. Drygt 100 meter unna ligg tunet på prestegarden, med fleire freda hus.

HISTORIKK

Håbrekke er nemnt i fleire mellomalderdiplom. Garden kom i Munkelivklosteret si eige på slutten av 1200-talet, og følgde klostergodset til det vart selt i 1662. Året etter vart presten Rasmus Pedersen eigar. Garden hadde då i rundt 60 år vore driven som avlsgard under prestegarden, som låg rett ved. Etter segna skal det freda hovudhuset vera bygd rundt 1660, og i så fall er truleg Rasmus Pedersen byggherren. På andre halvdel av 1600-talet vart garden fleire gonger nytta som presteenkjeseete. Ole Gierdrum d.e. og d.y., begge sokneprestar i Strandebarm, hadde garden frå 1712 til 1752, og i denne perioden budde ofte kapellanen på Håbrekke. Måla glasruter med namna til Ole Gierdrum (d.e.) og hustrua Guri, og Ole Gjerdrum (d.y.) og hustrua Karen, begge med årstalet 1721, er bevart på garden. Eigargar dei neste hundre åra var tre generasjonar av slekta Tausan, alle offiserar. Nils Burggraf Tausan (1786-1850) vart den fyrste ordføraren i Strandebarm. Både medan garden var i preste- og i offiserseige var det som oftast ein paktar som stod for sjølve gardsdrifta. 1852 vart garden kjøpt av brørne Torkel og Johannes Bru, som skifta garden i to bruk som dei dreiv.

KARTUTSNITT

Bakgrunnskart: FKB2_WMS, Statens Kartverk
Bygnings- og eiendomsflater: Kommunale geovekstdata fra Norge Digitalt
Kartproduksjon: Riksantikvaren







Idk rep. utfort

tak rep. utjent





Vindskier.

